

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 12.05.2023, kl. 09:30-14:45

MØTESTAD: Quality Hotel Florø

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen
Aud Ingrid Espeland
Reidar Sandal
Thomas Vingen Vedeld
Marit Hermansen
Ivar Eriksen
Lena Thorsnes
Randi Aven
Torfinn Heggland
Kari Sunde Kvile
Marita Aarvik

Styrelleiar
Medlem (*forlet møte kl. 14:14*)
Medlem
Medlem
Medlem (*forlet møte kl. 13:30*)
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Observatør

Forfall

Anne Sissel Faugstad

Nestleiar

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Anne Marit Rygg, stedfortreder direktør Medisinsk klinikk (*til 10:30*)
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Marit Solheim, forskingsleiar
Frode Schanke, IKT-sjef
Lars Inge Eikefjord, IKT-sikkerheitsleiar

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel	
025/2023	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
026/2023	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.03.2023	
027/2023	Administrerande direktør si orientering	
028/2022	Rapportering frå verksemda per april 2023	
029/2023	Økonomisk langtidsplan 2024-2028	
Saker til orientering:		
030/2023	Statusrapport om forskning i Helse Førde	
031/2023	Eventuelt Skriv og meldingar	

Lukka del:

032/2023	Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjons-tryggleik 2022	Uoff Offl. §24.3
033/2023	Lønsforhandlingar 2023 – fullmakter	Uoff Offl. §24.3

“Styret sitt kvarter”

Styret hadde ei omvisning ved Sunnfjord Medisinske senter i Florø, dette vart førut styremøte.

Styremøte starta kl. 09:30 og styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Quality Hotel Florø. Styret hadde styreseminar 11. mai med omvisning i ambulansébåten og ved redningshelikopteret i Florø.

Sak 025/2023 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Anne Sissel Faugstad hadde meldt forfall
- Torfinn Heggland vart ønska velkommen i styret
- Styresak 028/2023 Rapportering frå verksemda, var ettersendt 10. mai
- Nye dokument var utdelt, og lagt i Admincontrol:
 - Brev frå Helse Vest vedr. Oppfølging av styrevedtak styremøte i Helse Vest RHF 19.04.2023, datert 04.05.2023
 - Brev frå Helse Vest vedr. Høyring - Helsepersonellkommissjonens NOU 2023:4 Tid for handling, datert 23.04.2023
 - Drøftingsprotokoll vedr. “Utkast ØLP 2024-2028 for Helse Førde”, datert 10.05.2023

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 026/2023 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
28.03.2023****Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 28.03.2023.

Sak 027/2023 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia med bilde frå:

- Omvisning ved redningshelikopteret 11. mai
- Automasjonslinje laboratoriet, gjennomført modernisering og opning 9. mai
- Kvalitets- og registerkonferanse i Helse Vest 10. og 11. mai, som hadde tre innlegg om forbetningsprosjekt i Helse Førde

- 1. Rapportering tilsynssaker**
- 2. Oversikt over aktuelle høyringar**
- 3. Saker til oppfølging etter styremøte**

4. Lærdalstunnelen - stenger kveld og natt

Adm. direktør Varden orienterte om plan for stenging av Lærdalstunnelen, som vert stengt kveld og natt i to til tre år. Vi må ha avklaring knytt til beredskap i Aurland, og pasientforløp for særskild Lærdal og Årdal.

Perspektivet for stenging er start i 2025 og vil vare om lag fem år.

5. Stadleg leiar Nordfjord sjukehus

Adm. direktør Varden orienterte om stillinga som stadleg leiar ved Nordfjord sjukehus. Arild Krog Nøstdal har vore konstituert i seks månader, og går no tilbake til tidlegare stilling som seksjonsleiar ved NPS Ruspost.

Stillinga er utlyst.

6. Høyrings svar NOU 2023:4 Tid for handling (Helsepersonellkommissjonen)

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om høyringa for "Tid for handling", som har høyringsfrist 2. mai. Helse Vest har sendt ein høyringsuttale på vegne av føretaka, og denne har vi slutta oss til.

Høyrings svar frå Helse Vest omhandlar:

- Støttar kommissjonen sine vurderingar og tilrådingar
- Helseføretaka bør likebehandlast med andre bransjar i arbeidsmarknaden
- Felles ansvar for kommune- og spesialisthelsetenesta å løyse utfordringane
- Prioritering
- Organisering
- Arbeidstid
- Kompetanse
- Oppgåvedeling
- Funksjonsfordeling

Sjukehusutvalget sin rapport har høyringsfrist 14. juni, og føretaka sender eigne uttaler. Det blir dialogmøter med Helse Vest i prosessen

Styret blir orientert på styremøte 21. Juni.

7. Informasjon om kampanje sjølv mordsførebygging

Direktør Tvedt orienterte om kampanje førebygging av sjølv mord.

Hovudbodskapen er "Snakk om sjølv mordstankar - det kan redde liv". Kampanjen startar 22. Mai.

I 2021 var det 658 sjølv mord i Norge, derav 482 menn og 176 kvinner. Ingen auke under koronapandemien. Det er anslått at kvart sjølv mord etterlet seg ti pårørande. Sjølv mord i ulike aldersgrupper viser størst utfordring blant menn.

Raten i Vestland har også vore jamt på rundt 11. Vi har ikkje tal for Sogn og Fjordane, heller ikkje for storkommuneane.

Målet med kampanjen er :

- Auke folk sin kunnskap og medvit om sjølv mordstankar
- Styrke kompetansen i helsetenesta
- Styrke pårørande og andre sin kompetanse

Helse Førde har to deltakarar i den regionale gruppa. Helse Førde si rolle i kampanjen er m.a.:

- Distribusjon av kampanjemateriell i våre kanalar i kampanjeperioden
- Kontakt med lokale mediehus
- Internt digitalt informasjonsmøte ved kampanjestart 22. mai og informasjonsartiklar internt

8. Uønska hendingar og læring på tvers

Fagdirektør Kjølraug orienterte om uønska hendingar og læring på tvers.

- Oppslag i Aftenposten om “Mange sykehustabber blir aldri meldt inn som avvik. Vi håper sykehusene tar dette som en vekker”
- Oppslag i Aftenposten og Bergens Tidende om “Dette gir grunn til bekymring”

I arbeid med uønska hendingar og læring på tvers, så har vi kome eit godt stykke, men det er enno langt igjen. Viktige rapportar frå 2023 bør vi klare å implementere i drifta vår.

NPE rapport vart gjennomgått.

9. Nye Førde sjukehus - løypemelding

Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus.

Milepæl for slutføring av Livabygget

- 17.04.2023: Oppstart bygg operasjonsstover
- Jan/feb 2024: Funksjonstesting operasjonsstover
- 22.08.2024: Overtaking av bygget

Framdrifta går som planlagt og dialogen er god.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 028/2023 Rapportering frå verksemda per april 2023

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa

Aktiviteten - overordna pasientflyt per april 2023 viser:

Nytilviste 5 151 (-10%)	Ventelistekø 6 702 (12%)	Totalkø 44 758 (6%)	Avslutta 4 731 (-16%)
----------------------------	-----------------------------	------------------------	--------------------------

- Resultatet for april er negativt med minus 7,2 millionar kroner, noko som er tilsvarande avviket mot budsjett sidan det er budsjettert med eit null-resultat
- Hovudårsaka til endringa denne månaden er negativ utvikling i aktivitet og inntekter

- Aktiviteten i somatikk, utanom H-resept, var i april 7,2 prosent lågare enn budsjett. Hittil i år er tilsvarande tal 1,5 prosent bak budsjett
- Aktiviteten innan psykisk helsevern har også vore lågare enn planlagt
- Sjukefråværet for mars var 7,5 prosent
- Det er ein viss auke i talet på fristbrot, 242 nye i april. Det er ved kirurgisk avdeling og hudavdelinga at det er flest fristbrot
- Innan psykisk helsevern og rus er det auke i ventetid innan PHV og PBU. Det er ni fristbrot innan PBU i april

Direktør Tvedt orienterte om bemanningssituasjonen i barne og ungdomspsykiatri.

Fagdirektør Kjørskog orienterte om: Fag og kvalitet

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser noko nedgang i somatikk
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser auke i april
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 242 nye i april, svarande til 8,2%

Tertial rapportering Fag:

- Forbruk av breispektra antibiotika i norske sjukehus
- Pasientkontaktar som har passert planlagt tid
- Digitale polikliniske konsultasjonar
- Pakkeforløp kreft (ikkje tilgjengeleg data)
- Behandlingsplan i PHV og TSB
- Epikriser sendt innan 1 dag

HR-direktør Skjelten orienterte om:

- Sjukefråvær samanlikna med historisk gjennomsnitt
- Sjukefråvær - kort og lang tid, viser oppgang i langtidsfråvær og dette er ei utfordring
- Status sjukefråvær i Helse Vest pr november –mars, viser lågast prosent i Helse Førde

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

- Aktivitet i somatikk, viser 184 DRG-poeng i nedgang
- Reell beleggsprosent i april, viser 68 prosent i somatikk og 64 prosent i Psykisk helsevern
- Aktiviteten innan Psykisk helsevern for vaksne, viser 543 færre DRG-poeng i polikliniske konsultasjonar
- Samla sjukefråvær i mars var 7,5 prosent
- Ta medarbeidarar: brutto månadsverk viser auke

Resultat for april er minus 7,2 millionar kroner.

PROGNOSE 1:

Auka ramme "inflasjon vs budsjett 2022" - 2,5 mrd	
Signalisert auke	53
Justering resultatkrav	-20
Øyremerka bygg	-6
Til drift	27
Auka ramme "inflasjon vs budsjett 2023" - 2,2 mrd	
Estimert	47
Til drift	47

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2023 til vitende.

Sak 029/2023 Økonomisk langtidsplan 2024-2028**Oppsummering:**

Det er ein stram økonomisk langtidsplan (ØLP) som vert lagt fram, der særleg likviditetsutviklinga og da investeringsevna til Helse Førde er krevjande. På grunn av endra økonomiske rammevilkår reviderte Helse Førde sin ØLP for perioden 2023-2027 hausten 2022. Investeringsnivået vart då justert ned som følgje av redusert resultat, og ein utsette mellom anna prosjekta Svana 2 og 3 i Nye Førde sjukehus.

Administrerande direktør registrerer at regjeringa har sagt at rammene til sjukehusa vil auke med 6,2 milliardar kroner når revidert statsbudsjettet vert lagt fram 11. mai. Veksten består av vidareføring av ekstraløyvingar i 2022 på 2,5 milliardar, og auke på 2,2 milliardar i budsjettet for 2023. Begge delar er justeringar for ekstraordinær løns- og prisauke. Resten av auken på 1,5 milliardar er knytt til auka låneramme i samband med byggeprosjekt.

Fordeling og detaljer i kva løyvingane dekker er ikkje kjent, men dette vil kunne medføre ei auka ramme på opp mot 100 millionar for Helse Førde. Dette vil heilt klart betre den økonomiske situasjonen. Administrerande direktør vil likevel understreka at dette ikkje er friske midlar, og styringsfarten er framleis for høg. Arbeidet med å tilpasse drifta til dei økonomiske rammevilkåra vil difor framleis vere viktig og nødvendig.

Resultatkravet i perioden er sett for å ha tilstrekkeleg investeringsevne og kunne handtere gjeldsforpliktingar. Auka ramme gjer at administrerande direktør også aukar

resultatkravet i 2023 til 20 millionar. Samstundes er det lagt inn innsparingskrav framover som er på same nivå som tidlegare år. Årleg innsparing er på om lag 10 millionar kroner kvart år med unntak av 2025, som er noko høgare. Årsaka er at Livabygget då er tatt i bruk, og det er stilt krav om driftsgevinst knytt til dette prosjektet.

Investeringsplan 2024-2028 er særleg knytt til fire område:

- Nye Førde sjukehus
- Bygg infrastruktur
- Medisinsk-teknisk utstyr
- Ambulansar

Adm. direktør Varden innleia om økonomisk langtidsplan. Saka vert handsama i Helse Vest 14. juni 2023.

Økonomisk langtidsplan er ein viktig prosess for å synleggjere og prioritere:

- Driftsramma for føretaket på lang sikt
- Balanse mellom drift og investeringar
- Konsekvensar av prosjektet

Bakteppe for økonomisk langtidsplan:

- Politiske føringar og lovkrav
- Helsepersonellkommissjonen
- Økonomiske rammevilkår
- Folketalsutviklinga i vårt område
- Teknologisk utvikling
- Pasientar – enda krav og forventningar

Kva betyr dette for Helse Førde? Vi har store investeringar og viktige OU prosessar.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- Vesentlege endringar frå førre økonomisk langtidsplan
- Resultatkrav Helse Førde HF
- Langtidsbudsjett 2024-2028

Overordna vurdering - svært stramt!

- Styringsfarten er høgare enn økonomiske rammevilkår i dag
- Innsparingskravet framover krev ytterlegare endringar
- Fleire kjente risikomoment som ikkje er tatt inn i planen og som vil krevje tett oppfølging framover:
 - Rekruttering,
 - H-resept, medikament og medisinsk heimebehandling
 - Rentebane
 - Lærdalstunnelen
 - Energikostnader
 - Ambulansestasjonar

- Tryggleiksplassar innan Psykisk helsevern
- Medisinsk-teknisk utstyr
- Driftskostnader areal

Vedtak (samrøystes):

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2024-2028 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

Saker til orientering:

Sak 030/2023 Statusrapport om forskning i Helse Førde

Oppsummering:

Helse Førde (HFD) måler aktiviteten gjennom budsjett, ekstern finansiering, publikasjonar, deltaking i kliniske studiar og avlagde doktorgradar. Eit viktig satsingsområde er kliniske studiar. Dette er høgt prioritert nasjonalt. Helse Førde har fått på plass grunnkompetanse og er i ferd med å byggje opp større kapasitet på nokre område, men det er naudsynt å vidareføre og styrke dette arbeidet både med kunnskap, infrastruktur og ressursar.

Det har også siste året vore høg aktivitet i dei to tematiske forskingsgruppene «Folkehelse, livsstil og overvekt» og «Psykisk helse og rus». I overgangen til 2023 vart gruppene ei samla forskingsgruppe kalla «Forskningsgruppe for persontilpassa helsetenester».

Utviklingsdirektør Kleiven innleia om rapportering forskingsaktivitet 2022.

Forskningsindikatorane vart gjennomgått. Rapportering om innovasjon vert framlagt i neste styremøte.

Forskningsleiar Solheim orienterte om:

Rapportering forskingsaktivitet 2022

- Vitenskaplege publikasjonar 2011-2022
- Ressursbruk (kostnader) til forskingsarbeid i Helse Førde 2022
- Ressursbruk og finansieringskjelde til forskning per klinikk 2021-2022
- Kliniske behandlingsstudiar (KSB)

Status forskingsaktivitet første halvår 2023

- Prosjekt som har fått interne forskingsmidlar for 2023 og pågåande phd-prosjekt fordelt på klinikk
- Kliniske behandlingsstudiar 2023

- Helseatlas

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør sin statusrapport om forskning til vitende

Sak 031/2023 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om at revisor tok kontakt etter førre styremøte. Revisor har fulgt opp dei spørsmåla som styret hadde. Dersom styret ønskjer det er også revisor tilgjengeleg for vidare oppfølging.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var utsendt:**

- Samhandlingsnytt mars 2023
- Referat frå møte i felles brukarutval 20.03.2023
- Referat frå møte i felles brukarutval 23.01.2023
- Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2022

Følgjande skriv og melding var utdelt i møtet:

- Brev frå Helse Vest vedr. Oppfølging av styrevedtak styremøte i Helse Vest RHF 19.04.2023, datert 04.05.2023
- Brev frå Helse Vest vedr. Høyring - Helsepersonellkommissjonens NOU 2023:4 Tid for handling, datert 23.04.2023
- Drøftingsprotokoll vedr. "Utkast ØLP 2024-2028 for Helse Førde", datert 10.05.2023

LUKKA DEL:

Helseføretakslova § 26 a

**Sak 032/2023 Leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik
2022**

Oppsummering:

Rapport inneheld ei oppsummering av arbeidet med informasjonstryggleik i Helse Førde siste året.

IKT-sjef Schanke orienterte om arbeidet med informasjonstryggleik i Helse Førde.

Styret takka for god og oversiktleg orientering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek rapporten «Leiingas årlege gjennomgang av informasjonstryggleik 2022» til vitende.

Tilsettere representantane Thorsnes, Aven, Heggland og Sunde Kvile og brukarrepresentant Aarvik deltok ikkje ved handsaming av sak 033/2023

Sak 033/2023 Lønsforhandlingar 2023 - fullmakt

HR-direktør Skjelten orienterte om lønsforhandlingar og fullmakt.

Vedtak (samrøystes):

Styret gir adm. direktør fullmakt til å gjennomføre lønsforhandlingar i tråd med resultatet i Spekter-området og innanfor ansvarlege økonomiske rammer.

Ref. Berit Irene Haarklau
12.05.2023

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad (sett)	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem